

Til:	Fakultetsstyret
Fra:	Dekanen
Sakstype:	Studiar
Saksnr:	O-sak 4
Møtedato:	7. desember 2017
Notatdato:	3. desember 2017
Sakshandsamar:	GGR

Status – klinikk og praksis Psykologisk institutt

Universitetsstyret fatta følgjande samrøystes vedtak i møtet 24. oktober 2017:

1. Universitetsstyret ser alvorlig på de funn som er avdekket ved driften av klinikken ved Psykologisk institutt.
2. Universitetsstyret tar den midlertidige stengningen av driften av klinikken ved psykologisk institutt til orientering.
3. Universitetsstyret ber universitetsdirektøren i samråd med fakultetsledelsen, instituttstyret, instituttledelsen, klinikkledelsen og relevante myndigheter om å fortsette arbeidet med å avdekke omfanget av brudd på relevant lovverk og håndtere de identifiserte avvik for å gjenoppta studentpraksis og pasientbehandling så snart som mulig.
4. Arbeidet for å finne frem til modeller for mulig fremtidig organisering som sikrer faglig autonomi i utformingen av studentpraksis videreføres.
5. Fremtidig organisering av undervisningsklinikkerne er primært et ansvar for ordinære fag- og styringsorganer. Endelig vedtak av modell vil fattes av Universitetsstyret etter en prosess som sikrer involvering av studenter og ansattes medbestemmelse. Dette innebærer behandling i styrene ved Psykologisk institutt og Det samfunnsvitenskapelige fakultet.
6. Styret ber internrevisor om å gjennomgå rutiner for internkontroll knyttet til klinikkdrift ved UiO.

Studentklinikane ved Psykologisk institutt vart stengde av universitetsdirektøren mellombels frå og med 10. oktober.

Klinikkane vart opna att den 31. oktober etter tilråding frå fakultetet og etter at instituttet hadde lukka avvika som er omtala i pkt. 3 i styrevedtaket.

Styret ved Psykologisk institutt handsamar forslag til prosess for oppfølging av punkt 4 og 5 i møte 4. desember og vil vedta si tilråding til fakultetet i eit styremøte 30. januar 2018.

Sjå sak til instituttstyret på [heimesida](#) som er oppretta ved Psykologisk institutt. Er også vedlagt.

Kort om bakgrunnen

I mars 2017 innleia instituttleiinga ved Psykologisk institutt og Lovisenberg Diakonale Sykehus (LDS) samtalar om forskings- og undervisningssamarbeid.

Mykje av undervisninga på profesjonsprogrammet ved Psykologisk institutt skjer i form av praksis, som dels vert gjennomført i helsetenesta eksternt og dels internt ved instituttet. Det siste gjeld praktikum i 11. og 12. semester.



Instituttleiinga ved PSI ynskte å flytte praktikumklinikkane til Lovisenberg. Leiinga såg fleire, både faglege og praktiske føremoner med ei slik flytting (frigjorde areal, styrkt økonomi, forskings- og studiesamarbeid, fast avtale om praksisplassar mm). Fagmiljøet ved klinikkane var skeptiske, mellom anna til om ei slik løysing ville sikre naudsynt fagleg autonomi og om etablert pedagogisk praksis kunne oppretthaldast.

Under utgreiing av saka for instituttstyret ved Psykologisk institutt oppstod det diskusjon om kva reglar og forskrifter som galdt for studentklinikane. Det var usemje mellom instituttleiinga og fagmiljøet om studentklinikane fall under Lov om spesialisthelsetenester eller ikkje og det vart henta inn juridisk ekspertise, både av instituttleiinga og fagmiljøet sjølve (Kluge og Syse).

Den 27. september var det dialogmøte mellom universitets- og fakultetsleiinga. Der vart universitetsleiinga orienterte om diskusjonane som hadde vore om drifta av klinikkane.

Den 10. oktober valde universitetsdirektøren å stenge klinikkane. I pressemeldinga heiter det at:

«I forbindelse med arbeidet med å innlede et samarbeid med Lovisenberg Diakonale sykehus om klinikkdrift, har det kommet frem forhold som kan tyde på at dagens klinikkdrift ved Psykologisk institutt ikke er i henhold til gjeldende lovverk. Universitetsledelsen har bedt om en grundig juridisk vurdering av alle sider ved klinikkdriften ved Psykologisk institutt, og internrevisjonen ved UiO er varslet om saken. Endelige konklusjoner i saken må avvente de vurderingene som nå er igangsatt. Stengingen skjer på bakgrunn av systemmessige forhold, og er ikke knyttet til enkeltsaker.»

Den 17. oktober leverte advokatfirmaet Kluge ei rettsleg vurdering av internklinikane ved Psykologisk institutt. Denne konkluderte med at klinikkane ikkje sorterar under Lov om spesialisthelsetenester, men at drifta braut med ei rad andre lover og forskrifter for helse-, pasient- og personvern.

Den 23. oktober leverte Internrevisjon ved UiO rapport om internkontroll av klinikkdrifta ved PSI. Konklusjonen der lydde:

«Helhetlig styring og kontroll ved virksomheten har ikke vært tilfredsstillende. Det er betydelige svakheter i internkontrollrutiner og etterlevelse av lover og regler. Det har ikke vært kontroll på hvem som har tilgang til personsensitive data. Journaler og helseregistre har vært åpne for betydelig flere enn det krav i lov og forskrifter tillater. Risikoen for uautorisert tilgang har eksponert pasienter og UiO for uønskede hendelser innen personvern. Det er iverksatt straksiltak på området.»

Det er på rapporteringstidspunktet ikke avklart om det er krav til konsesjon fra Datatilsynet vedrørende behandling av sensitive personopplysninger i undervisningsvirksomheten.

Det pågår et betydelig arbeid med å etablere rutiner og lukke svakheter. Tiltakene har ulik kompleksitet og omfang.

Årsakene til svakhetene skyldes etter vår vurdering mangel på helhetlig intern kontroll, ikke tydelige roller og ansvar og mangelfull kontrollbevissthet. Risikovurderinger er ikke utført og det er heller ikke stilt krav til det.»

Det har vore nedlagt eit omfattande arbeid, både frå klinikktilsette, andre ved Psykologisk institutt, fakultet og sentrale støtte og driftseiningar, for å lukke avvika som var påpeikte av Kluge og internrevisjonen slik at klinikkane kunne opnast att.

Instituttstyret si tilråding av modell for drift av klinikkane skal etter planen leggjast fram for fakultetsstyret for handsaming i eit ekstraordinært møte 22. februar.

Vedtaksforslag:

Fakultetsstyret tar saken til orientering.

Nils Henrik von der Fehr
dekan

Gudleik Grimstad
fakultetsdirektør

Vedlegg: Notat av 27. november til styremøtet ved Psykologisk institutt den 4. desember 2017